




# Årsmelding 2024



Bryne  
Kyrkja

## Innhald

|                                                         |    |
|---------------------------------------------------------|----|
| ÅRSMELDING 2024 – BRYNE SOKNERÅD .....                  | 3  |
| ÅRSMELDING 2024 – KYRKJELEG UNDERVISNING OG LÆRING..... | 7  |
| ÅRSMELDING 2024 - SØNDAGSSKULEN I BRYNEKYRKJA.....      | 10 |
| ÅRSMELDING 2024 - BARNEKORET I BRYNEKYRKJA .....        | 11 |
| ÅRSMELDING 2024 - TT-KORET .....                        | 11 |
| ÅRSMELDING 2024 - BRYNE 9:13 .....                      | 12 |
| ÅRSMELDING 2024 - BRYNE KFUM-KFUK SPEIDER.....          | 13 |
| ÅRSMELDING 2024 - FAMILIEFOKUS .....                    | 15 |
| ÅRSMELDING 2024 - FAMILIEFOKUS ETTER SKULETID .....     | 17 |
| ÅRSMELDING 2024 – TEKNIKARKOMPANIET .....               | 18 |
| ÅRSMELDING 2024 - KYRKJEMIDDAG .....                    | 19 |
| ÅRSMELDING 2024 – UNG FOKUS .....                       | 20 |
| ÅRSMELDING 2024 – BIBELKVELDANE.....                    | 22 |
| ÅRSMELDING 2024 - BRYNE DIAKONIUTVAL.....               | 23 |
| ÅRSMELDING 2024 - MISJONSUTVALET.....                   | 25 |
| ÅRSMELDING 2024 – JULEMESSA.....                        | 26 |

*Framsidefoto: Kjell Ragnar Thu  
Frå jubileumsgudstenesta i Smieparken aug. 2023*

## ÅRSMELDING 2024 – BRYNE SOKNERÅD

Babysong, barnekor, tacomiddag, 9:13 (tweensklubb), UF (ung fokus), bibelkveld, torsdagstreff, innvandartreff, søndagstreff, open kyrkje og misjonskveld. Og mykje meir. Det skjer mykje gjennom veka i kyrkja vår for barn, ungdom og vaksne, i tillegg til gudstenestene som er hovudsamlinga i kyrkjelyden. Fleire hundre menneske er innom kyrkja i løpet av ei vanleg veke. Og svært mange er med og tar ansvar som frivillige. Soknerådet ser tilbake på 2024 med takksemd.

### Soknerådet 2024

Arne Berge, leiar

Ruth Stabel Berg, nestleiar

Heidi Strand Harboe

Lars Tore Helgeland, repr. fellesråd

Arne Espevik

Jan Erik Brudeli, repr. fellesråd

Oddmund Gravdal

Hans Tore Hetland

Varamedlemmer:

Anne Brit Ree, Elias Høie Hetland, Helga Johannessen, Gunhild E. Lande og Tore Braut

### Tilsette 2024

Stein Ødegård, sokneprest

Elisabeth Skartveit Obrestad, dagleg leiar

Jon Torger Hetland Salte, kyrkjelydsutviklar (frå 01.03.24)

Per Olav Egeland, kantor

Marit Høie Hetland, trusopplærar og diakon

Tone Vold, kyrkjelydspedagog

Oda Vik Straume, ungdomsleiar (permisjon frå 01.10.24)

Ingfrid Time Nærland, kateket

Arne Espevik, kyrkjetenar

Lars Andreas Olsen, kyrkjetenar

### Arbeidet i Bryne sokneråd

Soknerådet hadde 7 møte og behandla 58 saker i 2024. Nokre viktige saker som kan nemnast er :

- Budsjett og rekneskap
- Nytt misjonsprosjekt, Immanuelkyrkja i Tel Aviv – DNI, frå 01.01.2024
- Førebuing av Stavanger bispedøme sitt 900-års jubileum 2025
- Open kyrkje
- Ny liturgi for dei heilage tre dagane i påskeveka
- Utleigereglar med oppdaterte retningslinjer for Bryne kyrkje
- Rekruttering og oppfølging av frivillige og tilsette medarbeidarar
- Diakoniplan for Bryne kyrkjelyd 2024-2028
- Det økumeniske arrangementet «Velkommen hjem»
- Takkoffer i gudstenestene 2025
- Strategiplan 2025-2028

Soknerådet forlenga i 2023 strategiplanen for 2020-2023 til også å gjelda i 2024. Dette for å gje seg sjølv betre tid til strategiarbeidet. Det er nå vedtatt ein strategiplan for 2025-2028. Dermed får neste sokneråd også tid til å arbeida med strategispørsmål i løpet av det første året dei er i funksjon.

Time kyrkjelege fellesråd har i lengre tid arbeidd med planar for tilbygg til Bryne kyrkje, med barnehage og kyrkjekontor.

Utdrag frå møtebok kommunestyre 17. sept. 2024

SAK 074/24

Søknaden frå Time kyrkjelege fellesråd om tilskot til nytt kyrkjekontor og kommunal garanti for ny barnehage, vert ikkje innvilga på det nåverande tidspunkt.

### Bryne kyrkjelyd i 2024

Visjonen vår er Den opne famns kyrkje. Me ønskjer å vera ei kyrkje for gode relasjonar, raus i sitt mangfald og tydeleg i si retning. Me arbeider for at det skal vera god balanse mellom desse tre retningane:

- Oppover i Guds famn – eit liv nær Gud
- Innover i kyrkje og fellesskap – eit liv nær kvarandre
- Utover i byen og verda – eit liv for andre

Det var også i 2024 mange medarbeidarar, både tilsette og frivillige, som har gjort ein flott innsats for at kyrkjelyden skal vera prega av visjonen og satsingsområda i strategiplanen.

Medlemstala i Bryne sokn 2024 ligg ikkje klar pr.d.d.

Dei tilsvarande tala i 2023 var 7.528 medlemar som då utgjorde 66,5 % av befolkninga.

### Statistikk Bryne sokn

| Bryne sokn                                                                  | 2017  | 2019  | 2020         | 2021 | 2022 | 2023  | 2024  |
|-----------------------------------------------------------------------------|-------|-------|--------------|------|------|-------|-------|
| Innmeldingar                                                                | 4     | 12    | 6            | 8    | 7    | 8     | 8     |
| Utmeldingar                                                                 | 52    | 42    | 37           | 63   | 69   | 48    | 36    |
| Dåp i Bryne Kyrkje                                                          | 47    | 54    | 39           | 49   | 35   | 30    | 44    |
| Døyppte soknebarn                                                           | 71    | 88    | 68           | 63   | 72   | 67    | 79    |
| Konfirmanter                                                                | 96    | 73    | 78           | 69   | 90   | 92    | 101   |
| Vigsler                                                                     | 2     | 2     | 1            | 3    | 3    | 0     | 3     |
| Gudsteneste totalt søn- og helgedag                                         |       | 67    | 55           | 71   | 74   | 77    | 71    |
| Deltakarar totalt søn- og helgedag                                          |       | 10514 | 4595         | 4688 | 7497 | 10225 | 11654 |
| Hovudgudst kyrkja søn- og heilagdag<br>(Minus Sondagstreff / dåpsgudst ol.) | 56    | 53    | 42 el 37     |      | 53   | 61    | 60    |
| Deltakarar totalt hovudsteneste                                             | 10683 | 9598  | 4143 el 3960 |      | 7362 | 7921  | 8886  |
| Gjennomsnitt (hovud)gudst krk                                               | 191   | 181   |              |      | 138  | 130   | 148   |

| Bryne sokn                                                     | 2017   | 2019   | 2020   | 2021   | 2022   | 2023   | 2024            |
|----------------------------------------------------------------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|-----------------|
| Familiefokus (F)                                               | 11     | 9      | 5      | 6      | 6      | 8      | 7               |
| Deltakarar totalt Familiefokus                                 | 1670   | 1988   | 735    | 740    | 841    | 1526   | 1116            |
| Gjennomsnitt Familiefokus                                      | 152    | 220    | 147    | 123    | 140    | 191    | 159             |
| Andre gudstenester.(inkl. institusjon og skulegudstenester)    | 26     | 20     | 9      | 5      | 23     | 26     | 17 eks fam.fok. |
| Deltakarar andre gudstenester                                  | 3853   | 3268   | 783    | 123    | 2218   | 2754   | 2445            |
| Nattverd gudst sønd-/helgedag<br><i>*ikkje institusjon</i>     | 29     | 33     |        | 23     | 23     | 37     | 34              |
| Nattverddeltakarar sønd-/helgedag ( <i>ikkje institusjon</i> ) | 3036   | 3571   |        | 1726   | 1943   | 3288   | 2547            |
| Gjennomsnitt nattverd                                          | 105    | 108    |        | 75     | 84     | 89     | 75              |
| Hovudgudsteneste for born                                      | 14     | 9      | 4      | 10     | 12     | 11     | 9               |
| Deltakarar hovudgudsteneste for born                           | 2080   | 1783   | 726    | 1297   | 1699   | 1826   | 1695            |
| Gjennomsnitt hovudgudst. for born                              | 149    | 198    | 181    | 129    | 141    | 166    | 188             |
| Skulegudsteneste                                               | 1615   | 1628   | 0      | 2      | 1845   | 1832   | 1638            |
| Gudstenester med dåp                                           | 3346   | 3416   | 1742   | 20     | 2488   | 2040   | 3298            |
| Julaftengudsteneste (inkl. institusjon)                        | 1122   | 1129   | 153    | 7      | 838    | 831    | 1041            |
| Konsertar                                                      | 10     | 19     | 3      | 2      | 8      | 6      | 13              |
| Deltakarar konsert                                             | 2000   | 3900   | 300    | 200    | 1319   | 1184   | 1828            |
| Offer totalt                                                   | 395339 | 433878 | 255265 | 287962 | 395186 | 485221 | 504642          |
| Offer eige arbeid                                              | 188600 | 198304 | 125038 | 129628 | 137499 | 174502 | 185803          |
| Giverteneste                                                   | 536700 | 541650 | 557300 | 558200 | 550600 | 548200 | 563900          |
| Andre gåver/innsaml ekst & int                                 | 397395 | 317314 | 281400 | 219118 | 410220 | 376280 | 480754          |
| Julemesse                                                      | 177071 | 173565 | 114515 | 184119 | 210650 | 237400 | 267999          |

Nøkkeltal frå årsstatistikken 2024 syner to tendensar: stabilt kyrkjeliv og fleire tal som gjev grunn til glede. Langt på veg er oppslutninga om gudstenestane nå på same nivå som før pandemien.

Når det gjeld medlemstal, er utmeldingar svakt synkende og dåpstal svakt stigande. Konfirmanntala har vore i jamn stigning dei siste åra. Store ungdomskull er noko av forklaringa, men Bryne sokn har også oppslutning om dåp og konfirmasjon som ligg høgt, godt over snittet i prosent av kyrkjemedlemmar i Den norske kyrkja. Fleire har hatt dåpen sin i Bryne kyrkje, og med tendens til store dåpsfølgje gjev dette rekordhøg oppslutning om gudstenester med dåp (3298 deltakarar). Også oppslutninga om julaftan var gledeleg stigande. Skal me tru at folkekyrkja styrkjer seg etter pandemi-nedturen?

Oppslutninga om gudsteneste viser høge tal, både for gudstenester totalt, for hovudgudsteneste på sundag, og fulle hus til gudsteneste før jul for alle skulane våre. Nattverd tal syner stabilitet, så tendensen frå 2024 er vel at kjerneflokk til gudsteneste er stabil og folkekyrkja er på opptur?

Kveldsgudstenestene har i 2024 hatt tema som er aktuelle, spesielt med tanke på den uroen mange kjenner i ei tid med aukande polarisering og alvorlege krigar. I vårsemesteret var temaet «Sanning og forsoning». I haustsemesteret var temaet «Korsvei i krisetider».

I fastetida opna me kyrkja kvar måndagskveld, dette òg for å møta behov for stille og for å søka Gud midt i ei vanskeleg tid. Soknerådet ønsker å halda fram med å ha kyrkja open nokre faste kveldar, og har etter fastetida stort sett hatt open kyrkje éin kveld i månaden.

Parallelt med dette arbeidet har me starta med Open kyrjekafe i kjellarstova. Dermed har me gjort verdifulle forsøk med nye lågterskeltilbod ved å opna kyrkja, anten dei som kjem har ønska stille og ro eller prat og sosialt fellesskap.

Nytt av året var også samarbeid mellom Bryne kyrkje og litteraturfestivalen «Jorddøgn». Gudstenesta vår blei tatt inn i festivalprogrammet som feiring av «Jordmesse». Etter gudstenesta var det middag med haustgryte og panelsamtale om forvaltaransvaret og ærefrykt for jorda.

I adventstida feira me for første gong på fleire år gudstenesta «Fest i Guds hus», i samarbeid med Jærklang og Time kulturskule. Kyrkjelyden bidro blant anna med gode musistarar og med eit prosjekt-barnekor. «Fest i Guds hus» samla svært mange menneske til ei flott adventsmesse med forventning og håp.

Soknerådet vil framheva tydinga av at me har mange trufaste frivillige medarbeidarar og dedikerte tilsette. Dette betyr mykje og me er svært taknemlege for den enkelte som bidrar i fellesskapet. Me vil også retta ein spesiell takk til staben som hausten 2024 arrangerte ein oppmuntrande medarbeidarfest med mykje god lått og glede!

Bryne kyrkjelyd er eit mangfaldig fellesskap. Mange menneske er delaktige i dette fellesskapet. Me vil vera der livet blir levd, me vil opna fellesskapet for nye menneske og me vil vera med på å opna rom for tru på den treeine Gud.

Me viser elles til dei følgjande årsmeldingane frå dei ulike delane av kyrkjelydslivet.

Bryne 30.01.2025

*Stein Ødegård*

Stein Ødegård, sokneprest

*Elisabeth S. Obrestad*

Elisabeth S. Obrestad, dagleg leiar

*Arne Berge*

Arne Berge, soknerådsleiar

## ÅRSMELDING 2024 – KYRKJELEG UNDERVISNING OG LÆRING

(tidl. Trusopplæring) for barn og unge i Bryne, Time og Undheim

Trusopplæringa skifta sommaren 2024 namn til Kyrkjeleg undervisning og læring. Kyrkjemøtet har vedtatt revidert overordna plan, «Plan for kyrkjeleg undervisning og læring». Denne planen erstattar «Gud gir – vi deler». Den nye planen legg til rette for livslang læring gjennom deltaking, medverknand og skapande aktivitetar. Få å vera retta mot alle døypte barn og unge 0-18 år, er den nye planen for alle døypte og interesserte i alle aldrar. Orda fasetiltak og tiltak blir erstatta med aktivitet og tilbod, gjerne merka med tidsavgrensa for å skilja mellom desse og det kontinuerlege arbeidet. Nye rammeplanar for arbeidet vil først koma i 2026, og gjeldande planar og arbeid blir reviderte etter behov. Det er det tidsavgrensa arbeidet (tidl. fasetiltak) som blir rapportert fortløpande, sjå tabellen nedafor. Det er til dette arbeidet at dei overførte midla skal nyttast. Det har vore aukande samarbeid mellom sokna, og det er fleire aktivitetar og tilbod som er felles for Bryne Time og Undheim kyrkjelydar. Kyrkjelydspedagogane samarbeider om det meste. Dette gir større fleksibilitet for familiane som nyttar seg av aktivitetane og tilboda, og det er gode tilbakemeldingar frå føresette på dette. Våren gjekk stort sett som planlagt, men hausten har vore prega av sjukemeldingar. Dette har ført til fleire avlysingar og/eller forkortingar av tilbod.

### Oversikt over avgrensa aktivitet og tilbod:

| Alder              | Tiltak                     | Oppslutning 2024<br>(2023 i parentes)                                                                            | Anna                           |
|--------------------|----------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------|
| 0 år               | Dåpssamtale og dåp         | Bryne: <b>66</b> (63)<br>Time: <b>23</b> (34)<br>Undheim: <b>11</b> (5)                                          | 1 samtale og gudsteneste       |
| 0-1 år             | Babysong                   | Bryne: 27 av 122 = <b>22%</b> (34%)<br>Time: For få deltakarar (27%)<br>Undheim: For få deltakarar (50%)         | Samling annankvar veke         |
| 1-3 år             | Småbarnstrall              | Bryne: 19 av 200 = <b>10%</b> (9%)<br>Time: 11 av 96 = <b>11%</b> (10%)<br>Undheim: 0 av 36 = <b>0%</b> (0%)     | 6 samlingar, felles for sokna  |
| 2 år               | Undretur                   | Bryne: Avlyst (17%)<br>Time: Avlyst (8%)<br>Undheim: 14 av 13 = <b>108%</b> (27%)                                | 1 samling                      |
| 3 år               | Krøllekveld                | Bryne: 7 av 75 = <b>9%</b> (21%)<br>Time: 6 av 37 = <b>16%</b> (7%)<br>Undheim: 7 av 16 = <b>44%</b> (50%)       | 1 samling                      |
| 4 år               | Fireårsklubb og Barnebibel | Bryne: 28 av 75 = <b>37%</b> (53%)<br>Time: 8 av 27 = <b>30%</b> (37%)<br>Undheim: 11 av 10 = <b>110%</b> (150%) | 3 samlingar + gudsteneste      |
| 4-8 år, tidl. 5 år | Kor-Kickoff                | Bryne: 48 av 394 = <b>12%</b> (21%)<br>Time: 18 av 171 = <b>11%</b> (16%)<br>Undheim: 0 av 52 = <b>0%</b> (3%)   | Felles for sokna:<br>1 samling |
| 5 år               | Adventsklubb for 5-åringar | Bryne: 24 av 75 = <b>32%</b> (30%)<br>Time: 18 av 39 = <b>46%</b> (28)<br>Undheim: 4 av 7 = <b>57%</b> (100%)    | 1 samling                      |

| Alder                | Tiltak                                             | Oppslutning 2024<br>(2023 i parentes)                                                                             | Anna                                                                      |
|----------------------|----------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------|
| 7 år,<br>1. kl<br>Ny | Påskemysteriet for 1. klassingar, dåpsskule utgåar | Bryne: 16 av 81 = <b>20%</b> (21%)<br>Time: 15 av 31 = <b>48%</b> (39%)<br>Undheim: 10 av 10 = <b>100%</b> (92%)  | 1 samling lørdag + gudsteneste                                            |
| 7 år,<br>2. kl       | Plan B – Aktivitetsdag for 2. klassingar           | Bryne: Avlyst (9%)<br>Time: Avlyst (9%)<br>Undheim: Avlyst (62%)                                                  | Felles for sokna.<br>1 dagssamling<br>(planleggingsdag for skulen)        |
| 8 år,<br>2. kl<br>Ny | Superheltsamling, pinsefart utgåar                 | Bryne: 13 av 87 = <b>15%</b> (22%)<br>Time: 15 av 43 = <b>35%</b> (24%)<br>Undheim: 4 av 12 = <b>33%</b> (53%)    | 1 samling                                                                 |
| 9 år, 3. kl          | Tårnagenthelg for 3. klassingar                    | Bryne: 17 av 74 = <b>23%</b> (19)<br>Time: 14 av 38 = <b>37%</b> (37)<br>Undheim: Ikkje i 2024 (62%)              | Fre/lør 5 timer + gudst. søndag.<br>U: 3. og 4. trinn saman, annakvart år |
| 10 år, 5. kl         | Lys vaken, planlagt å ikkje gjennomføra i 2024     | Planlagt å ikkje gjennomføra både 2023 og 2024                                                                    | Felles for sokna:<br>Lørdag + gudsteneste                                 |
| 10-12 år, 5-8. kl    | Tweens kick-off                                    | Bryne: 50 av 293 = <b>17%</b> (35%)<br>Time: 15 av 109 = <b>14%</b> (20%)<br>Undheim: 8 av 46 = <b>17%</b> (43%)  | Felles for sokna:<br>1 samling                                            |
| 15 år, 9. kl         | Konfirmasjon                                       | Bryne: 101 av 117 = <b>86%</b> (80%)<br>Time: 36 av 47 = <b>77%</b> (82%)<br>Undheim: 8 av 12 = <b>67%</b> (111%) | Totalt 60 timar                                                           |



Foto: Bo Mathisen

Det er mykje godt arbeid som blir gjort i tillegg til dette. Her inngår blant anna: Søndagsskular, barnekor, tweenskor, anna tweensarbeid, foreningar og speidararbeid.

Den gode utviklinga i ungdomsarbeidet held fram. Det er mange ungdommar som samlast både i Varden, på Ukuf og UngFokus.

Det kontinuerlege barne- og ungdomsarbeidet er viktig grunnlag for forming av identitet, tru og fellesskap, og gjev rom for undring og vekst. Det er viktig å balansera satsinga på fasetiltaka med eit kontinuerleg tilbod i kyrkjelydane.

### **Stillingar innan kyrkjeleg undervisning og læring:**

Kyrkjeleg undervisning og læring har til saman 1,4 stillingar som er dekkja av trusopplæringsmidlar.

Sokneråda har vedteke å styrka kyrkjeleg undervisning og læring med innsamla midlar, og difor er stillingane innan kyrkjeleg undervisning og læring større enn det som blir dekkja av overførte midlar.

Desse har vore tilsette i ulike stillingsstorleikar i kyrkjeleg undervisning og læring: Marit Høie Hetland, Tone Vold, Ragnhild Hanssen og Ingfrid Time Nærland.

Eg takkar dyktige medarbeidarar, både tilsette og uløna, for sterkt engasjement og god innsats for kyrkjeleg undervisning og læring! Det er i dette samspelet at arbeidet er mogleg å gjennomføra.

Guds signing over arbeidet vidare.

13.01.2025

*Ingfrid Time Nærland*

## ÅRSMELDING 2024 - SØNDAGSSKULEN I BRYNEKYRKJA

I 2024 har me hatt 25 søndagsskuler på gudstenester fordelt på vår og haust semester. I starten av gudstenesta kjem Løva inn, tek seg ein «drøs» med presten, og inviterer borna med seg ned i kjellaren. Her har borna eigen samling, medan gudstenesta i kyrkjesalen fortset. Opplegget «Sprell Levende» frå «Søndagsskolen Norge» blir ofte nytta, og det er som regel ein aktivitet i kyrkjestova etterpå. Borna får beskjed når det startar nattverdsamling i gudstenesta, slik at dei har høve til å koma opp og vera med på å feira nattverd viss dei vil.

Me prøver alltid å ha Søndagsskule på alle gudstenestene på sundag føremiddag, utanom dei gudstenestene med eit spesielt fokus på born (som Familiefokusgudsteneste og gudsteneste for store og små), høgtid eller sommarferie.

Det kjem en god gjeng, ca. 20-25 born nokolunde fast, og i tillegg kjem det ofte ein del ekstra born når det er dåp i kyrkja. Kor mange som kjem varierer frå gong til gong alt etter kva tid på året det er, kva gudsteneste det er og om det er dåp i gudstenesta.

I 2024 har me hatt 8 frivillige søndagsskuleleiarar. Leiarane er Heidi Strand Harboe, Hilde Hanevik, John Gravdal, Margunn Obrestad, Anne Brit Ree, Helga Johannesen, Randi og Lars Tjelle.

Dei deler seg opp i 4 team og fordel sundagane mellom seg. Me er svært glade og takksame for den enorme innsatsen de alle saman har lagt ned, og legg ned i dette viktige arbeidet for å byggje det kristne fellesskapet for born i Brynekyrkja samtidig med gudstenestene. Me gler oss til eit nytt år 2025 med Søndagsskule i Bryne kyrkje.



Foto: Emma Salte

## ÅRSMELDING 2024 - BARNEKORET I BRYNEKYRKJA

Annankvar torsdag i partalsveker øver Barnekoret i Brynekyrkja. Koret er for born frå 4 år, til og med 4. klasse. Det semesteret dei blir 4 år kan dei begynna viss ein vaksen står i lag med dei på øvingane. Dei borna som har lyst til å vera solistar i koret kan få lov til det, då må dei gje seg til kjenne til dirigenten på øvingane.

Me gler oss over at barnekoret er eit stadig vaksande barnekor, og på bortimot kvar korøving kjem det nye kormedlemmar til. I løpet av året 2024 har det vore 108 unike born innom koret, og ca. 60-70 av desse borna har kome nokolunde regelmessig gjennom heile året. Gjennomsnittet av born pr. øving har vore 37. På korøvingane stiller borna opp i trappene etter at dei har varma opp i benkeradene. Så blir det øving på nye og gamle songar som me brukar når me opptrer.

Det er alltid eit høgdepunkt å opptre, og det har koret gjort fleire gonger dette året på Familiefokusgudstenester i Brynekyrkja, på julemessa, på ei gudsteneste på julaftan og på sommarkonsert saman med TT-koret.

Midt i øvinga har me ein kort andakt ifrå barnebibelen, ei fast bøn, og etterpå går alle ned i kyrkjestova på felles kveldsmat. Koret kjøper inn og serverer kveldsmat, slik at alle som kjem, både born, vaksne og sysken kan eta kveldsmat, drøsa i lag og bli kjende med kvarandre før dei går heim. Me brukar ofte å vere rundt om 70 personar på kveldsmaten.

Kvar tredje gong borna kjem på korøving, så får dei ein liten premie frå premieboksen vår. Det er for mange av kormedlemmane også eit høgdepunkt å få premie.

Koret har eit yrande liv, både under korøvinga oppe og på kveldsmaten nede. Det er veldig kjekt å sjå at så mange gler seg til å koma i kyrkja og syngja om Jesus, treffa venner og eta i lag.

## ÅRSMELDING 2024 - TT-KORET

TT-koret er eit kor for tweens og teens i Bryne, Time og Undheim sokn. Me øver annakvar torsdag i Bryne kyrkje, noko me også gjorde i 2024. I tillegg til øvingane har me hatt fleire kjekke opptredenar.

Ved årsskiftet har me no 20 medlemmer. Nokre slutta etter sommarferien, men heldigvis kom det nokre nye, så medlemstalet er nokså stabilt. I tillegg til songarar i koret har me også samarbeid med Teknikarkompaniet i Bryne kyrkje, så eit par av medlemmene jobbar med lyd og teknikk på øvingane våre.

Opptredenar i 2024:

Gudsteneste i Storstova, gudsteneste på Jærdagen, sommarkonsert saman med Frøysang, tweens-kickoff i Bryne kyrkje og julekonsert i Time kyrkje.

I tillegg hadde me ein overnattingstur til Bømlo, der me hadde seminar med Øystein Lund Olafsen, me spelte inn ein song, og me deltok på gudstenesta søndagen i Bremnes kyrkje. TT-koret er ein veldig kjekk gjeng, og det er eit godt og inkluderande miljø i koret. Målet er at alle skal kjenne seg velkomne og at alle skal oppleve meistring og glede. Det er også veldig viktig for oss at medlemmene skal få bli kjend med Jesus gjennom andaktar og ikkje minst gjennom songtekstane me brukar.

## ÅRSMELDING 2024 - BRYNE 9:13

Ca. ein torsdag i månaden frå kl. 17:30 til 19:30 møtest mellom 50 og 70 tweens i Brynekyrkja. Her møtest me til ulike aktivitetsgrupper, andakt og mat. Aktivitetsgruppene kan variere noko, men kan til dømes vere matgruppe, hobbygruppe eller spelegruppe med playstation, nintendo switch, brettspel, bordtennis osv. Me avsluttar alltid samlingane med ein andakt, etterfylgt av å ete det matgruppa har laga.

Dei eldste deltakarane (frå 7. klasse) får tilbod om å vere med i det vi kallar «crew» og møter kl. 17:00. Der snakkar me om kva det vil seie å vere ein leiar. I tillegg hjelper crewet til med nokre praktiske oppgåver.

I 2024 hadde 9:13 12 samlingar. I tillegg hadde crewet 2 eigne samlingar, og ei samling på slutten av vårsemesteret der 7. klassingane blei følgde til UF (som er kyrkja sitt ungdomslag frå 8.klasse og oppover i alder).

Me bruker appen spond til å spreie informasjon og få ikkje-bindande påmelding frå deltakarane. I snitt har me hatt 50-60 deltakarar per gong, og hatt ca. 100 unike deltakarar i løpet av året.

Dette arbeidet er i stor grad drive av frivillige medarbeidarar. I tillegg er ungdomsleiar med på 9:13-kveldane. Trass i den gode innsatsen til dei frivillige, har me måtta ha nokre rundar for å prøve å fa tak i fleire frivillige leiarar. Dette har gitt gode resultat, og når me nå går inn i året 2025, er det kome til fleire gode nye frivillige. Dette gler me oss stort over, og me gler oss til mange nye gode treffpunkt med 9:13 i 2025.



Foto: Bo Mathisen

## ÅRSMELDING 2024 - BRYNE KFUM-KFUK SPEIDER

### Medlemstall 2024:

#### Voksne:

|                 |                   |
|-----------------|-------------------|
| Ledere:         | 21 stk. betalende |
| Ordinær medlem: | 2 stk. betalende  |
| Totalt:         | 23                |

#### Speidere:

|                  |                   |
|------------------|-------------------|
| Vandrere:        | 22 stk. betalende |
| Stifinnerne:     | 27 stk. betalende |
| Oppdagere:       | 28 stk. betalende |
| Familiespeidere: | 6 stk. betalende  |
| Totalt:          | 83                |

Totalt 106 betalende medlemmer 31.12.2024

### Året 2024

Samlingene for 2024 har som tidligere år vært på mandager fra kl. 18.00 til kl. 19.30/20:00.

Vi har

hatt egne oppmøter for alle graderingene. Klatring har blitt arrangert på onsdager/torsdager i

Brynehallen.

Det har vært stabilt godt oppmøte på samlingene og jevnt tilsig av medlemmer gjennom hele året,

men vi har hatt en negativ medlemsutvikling for betalende medlemmer på 16 %. Vi har fortsatt

venteliste for alle graderingene i speidergruppa med unntak for stifinnerne og de eldste vandrerne. Mange foreldre er også med på samlingene våre. Dette er veldig positivt, og det ser ut

til at både voksne og barn trives godt.

Vi har også i år søkt støtte til speiderarbeidet og har fått tildelt prosjektmidler fra mange flotte

bidragsytere. Totalt har vi fått 210.321 kroner i støtte på søknader i 2024. Vi ønsker å takke disse flotte bidragsyterne (deler av beløpet blir periodisert til neste år.):

2024 Dugnad "Livsgledefestivalen" – 4.422

2024 Sparebankstiftinga Time og Hå – Kjøkkenutstyr – 50.000

2024 Sparebankstiftelsen SR-Bank - Klatreutstyr – 20.000

2024 Sparebankstiftelsen SR-Bank – Telt – 50.000

2024 Sparebankstiftelsen SR-Bank – For Alle – 30.000

2024 Dugnad "Velkommen hjem" – Klatregruppa – 15.000

2024 Sparebanken Sør – "Marsjen" – 10.899

2024 Sparebanken Vest – Solcellepanel speiderhytta – 30.000

Støtter og gaver igjennom året har ført til at vi har kunnet arrangere kjekke arrangement for speiderne våre.

Vi arrangerte over 163 medlemsaktiviteter i løpet av 2024. Disse fordeler seg på følgende måte:

Klatregruppa: 13 samlinger

Oppdagere, 1-2 klasse: 33 samlinger

Stifinnere, 3-4 klasse: 32 samlinger

Vandrere, 5-10 klasse: 44 samlinger

Rovere, videregående: 36 samlinger,

Totalt har det vært 120 unike deltakere på tvers av samlingene.

Ledersamlinger 2 møter

Det ble også arrangert 3 dugnader + andre samlinger.

Samlinger våren 2024

I januar reiste vi 45 personer på vintertur til Ådneram Turishytte. I mars deltok vi med 'Speider for

en kveld' på Livsglede-festivalen . I april arrangerete vi Strandrydding i Reve havn.

Fellessamling

med overnatting i Brekko ble arrangert i mai. Vi har hatt deltakere på Videregående patruljefører,

Grunnkurs beredskap, 14+ Sykkel og Fisk, og 14+ Leirliv. Oppdagerne deltok på

Oppdagerekspedisjonen.

Samlinger høsten 2024

I august deltok me på kretsleiren 2024 - E` du me`? i Bjerkreim.

Stifinnerne deltok på Stifinner-ekspedisjonen med kretsen. Vi har hatt flere deltakere på 14+ Mat.

I desember deltok vi på lysmessa i Bryne Kyrkje.

Året ble avsluttet med en felles juleavslutning i Sandtangen.

Ledere

Gruppa har hatt 23 ledere i 2024.

I januar gjennomførte vi et ledermøte, flere deltok på Kretsting i februar. Vi hadde også ledermøte

i august.

Vi har en veldig stabil og aktiv lederstab som alle bidrar til å gi speiderne en magisk opplevelse

hver mandag vi får lov til å samles. Takk for innsatsen.

Både blant speidere og ledere er det en veldig positiv stemning og mange koser seg stort på samlingene.

Kommunikasjon

Vi har brukt Spond aktivt til å kommunisere med både foreldre og mellom ledere. Dette systemet

har automatisk oppmøtestatistikk og forenkler hverdagen som speiderledere.

*Kjell Arild Nielsen*

Leder

Bryne KFUK-KFUM Speidergruppe

## ÅRSMELDING 2024 - FAMILIEFOKUS

### Visjon

Brynekyrkja ønskjer å vere ei kyrkje for gode relasjonar, raus i sitt mangfald, tydeleg i si retning. Familiefokus i Brynekyrkja skal vere eit lokalt misjonsarbeid på Bryne, som arbeidar for at fleire barnefamiliar skal fylgja etter Jesus Kristus og høyre til i kyrkjelyden.

### Gudstenester

Omtrent ein gong i månaden er det gudsteneste med Familiefokus i Brynekyrkja. I 2024 har det vore 7 Familiefokus-gudstenester (mot 10 i 2023). Målet vårt er at Familiefokus skal vere ei gudsteneste for barna, der dei får vere aktive deltakarar både i førebuingane og i sjølve gudstenesta på sundagen. Barna bidrar i mange delar av gudstenesta, og det er mange vaksne frivillige som hjelper til før, under og etter arrangementa.

### STATISTIKK 2024

| År                             | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
|--------------------------------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| Familiefokus gudstenester      | 8    | 8    | 9    | 11   | 9    | 9    | 4    | 6    | 6    | 10   | 7    |
| Deltakarar totalt Familiefokus | 1048 | 999  | 1265 | 1670 | 1620 | 1988 | 726  | 738  | 841  | 1606 | 1116 |
| Gjennomsnitt Familiefokus      | 131  | 124  | 140  | 152  | 180  | 220  | 182  | 123  | 140  | 161  | 159  |

### PEDAGOGISK OG TEOLOGISK INNHOLD

Familiefokus-gudstenestene er ofte temagudstenester som knyter seg til kyrkjeåret. Andre gongar brukar me forteljarteksten frå kyrkjeårets tekstar. Gudstenestene følgjer ein fast, barnevennleg liturgi der fleire av dei tradisjonelle ledda er tilpassa barn gjennom bruk av song, dans og drama. Målet vårt er at gudstenestene skal vere forstålege for barn, men samstundes innehalde alle hovudelementa i ein «vanleg» gudsteneste.

### ETTER SKULETID

Sidan 2015 har me hatt ei eiga gudstenestegruppe for barn i 3.–7. klasse. Denne gruppa samlast på tysdagar etter skuletid veka før Familiefokus, for å planleggje og førebu den komande gudstenesta. Dette arbeidet har vore stabilt gjennom 2024, og mange barnefamiliar er jamleg engasjerte.

### LOVSANGSTEAM

Musikken på Familiefokus-gudstenestene blir leia av eit frivillig lovsongsteam under Jostein Aa. Tollaksen. Musikken bidrar sterkt til gudstenestene, og det er fantastisk å sjå barna delta i lovsongen. Musikken gjev både djupne og glede til fellesskapet vårt og har ein sentral plass i arbeidet.

### FRIVILLIGE OG OPPGÅVER

Familiefokus er heilt avhengig av frivillige som bidreg på ulike måtar. Her er nokre av dei viktige oppgåvene:

Teknikargruppe, Kyrjekaffi, Riggeteam, Ministrantar, Aktivitetar etter gudstenesta, Vertskap, Pynt (som har teke oppdrag når det er særskilde tema)

Me legg vekt på at alle som vil, skal finne ei oppgåve dei likar. Dette gjev ikkje berre praktisk hjelp, men skapar òg fellesskap og bygger gode relasjonar.

### FRIVILLIGE OG STAB

Gudstenesteutvalet som høyrer til Familiefokus har ikkje hatt formelle møte i 2024. Arbeidet har vore leia av Jon Torger H. Salte (etter at han blei tilsett som kyrkjelydsutviklar i mars) og Marit H. Hetland. Inger Bakke Berge har vore med og planlagt og gjennomført Etter skuletid.

Det er òg mange andre vaksne og ungdommar som bidreg kvar gong. Arbeidet hadde ikkje vore mogleg utan denne store, engasjerte staben. Me er svært takksame for alle som gir av tid og innsats for dette viktige arbeidet!

2024 har vore eit innhaldsrikt år for Familiefokus, med mange flotte gudstenester, stort engasjement og eit levande fellesskap. Me ser med forventning fram til alt Gud har i vente for oss i 2025!



Foto: Emma Salte

## ÅRSMELDING 2024 - FAMILIEFOKUS ETTER SKULETID

På tysdagar, ca. ein gong i månaden, samlast born frå 3.-7. klasse til «Etter skuletid». Dette er ei gudstenestegruppe for tweens som er knytt opp imot Familiefokusgudstenestene. «Etter skuletid»-tysdagane er alltid lagt til tysdag før Familiefokusgudstenestene, og desse tysdagane og sundagens gudsteneste heng uløyselig saman.

På «Etter skuletid» startar me med å ete pizza Grandiosa saman. Etter det går me gjennom tekst eller tema for sundagens gudsteneste, for så å planleggje gudstenesta saman med ungane. Planlegginga kan bestå i å øve inn drama, forberede bønner og bønnevandring, dans, song, tekstlesing, lage film eller andre kreative innslag. Til slutt et me alle ein ispinne til dessert og avsluttar med velsigninga. Planlegginga av sundagens gudsteneste sluttar ikkje med dette, men fortset vidare utover heile veka saman med borna og foreldra deira. Så på sundagens gudsteneste treffest me i kyrkja ca. 1 ½ time før gudstenesta begynner for å øve på alle ledda i gudstenesta der borna er med.

Det er eit yrande liv på desse gudstenestene, og «Etter skuletid» er med som ein viktig aktør i Familiefokus sitt store nettverk av tenestegrupper, frivillige og andre deltakarar. Me kjenner at fellesskapet gjer godt. I 2024 hadde me 7 samlingar til saman i løpet av både våren og hausten, med påfølgjande Familiefokusgudstenester søndagen etterpå. Det har vore 17 unike born innom på Etter skuletid dette året, med eit gjennomsnitt på 10 stk kvar gong.

Det er kjekt å sjå at borna og deira familiar finner sin plass i fellesskapet og får eigeskap til gudstenestene. Me ser og at det hos foreldre ofte veks fram eit stort engasjement for ungane si deltaking i gudstenesta, og me gler oss til fortsetjinga i 2025.

## ÅRSMELDING 2024 – TEKNIKARKOMPANIET

Teknikarkompaniet er ei gruppe for tweens og ungdommar som interesserer seg for tekniske ting. I teknikarkompaniet kan ein koma og læra om lyd, lys, filming, PC/skjerm og streaming, for så å få vera med å styra dette i ulike arrangement i kyrkja. Vaksne leiarar er med og underviser i korleis teknikken verkar, og hjelpar ungane/ungdommane med å la dei få lov til å prøva seg bak miksepulten.

Teknikarkompaniet bidrar inn i fleire samanhengar i kyrkja vår. Nokre av oppgåvene som teknikarkompaniet gjer er å:

- Bidra med filming, lyd, lys og bilete på Familiefokusgudstenestane.
- Bidra med filming, lyd, lys og bilete på Gudstenester for store og små.
- Rigge mikrofonar og styre lyd for TT-koret.
- Filme og styre bilete på nokre gudstenester.

Dette året har teknikarkompaniet vore aktive og i sving på alle dei 7 Familiefokusgudstenestene, samt på nokre gudstenester for store og små. Her har me styrt bilete, skjerm og kamera. Me har styrt lyden og rigga mikrofonar på alle øvingane med TT-koret. I tillegg så syrt med skjerm og kamera på adventsmessa «Fest i Guds hus».

Det er ca. 10 medlemmar i teknikarkompaniet, samt frivillige vaksne som er med saman med tweens/unge ungdommar.



Foto: Kirkerådet

## ÅRSMELDING 2024 - KYRKJEMIDDAG

To fredagar i halvåret blir det invitert til tacomiddag i kyrkjesalen i Brynekyrkja. Dette er eit tilbod som me starta opp våren 2022. I 2024 hadde me 4 samlingar, to gonger på våren og to gonger på hausten.

Det blei rigga til bord i kyrkjesalen slik at me hadde langbord som me kunne sitja rundt medan me kosa oss med mat og aktivitetar. Eit viktig mål er at det skal vera ein uforpliktande, koseleg fredagskveld med låg terskel, der det også er lett å be med seg nye folk til kyrkja.

Tacofredag/kyrkjemiddag for store og små er tenkt som eit tilbod for barnefamiliar, som eit lite pusterom i ein travel kvardag. Og veldig gjerne slik at ein kan få med seg heile familien, inkludert besteforeldre og eldre sysken og. Programmet er 3-delt. Først et me taco, deretter er det ein andakt, etterpå har me ein lageaktivitet for borna medan dei vaksne kan få drikka kaffi og drøsa saman. Alle er velkomne.

Dette har vakse og blitt eit godt brukt tilbod. Det har vore i gjennomsnitt ca. 60-70 personar kvar gong.

Mange frivillige trengs for å få dette prosjektet til å sviva. Eit frivillig middagsteam lagar og serverer maten, og ryddar og vaskar opp etterpå. Nokre frivillige er vertskap og mellom anna tek imot nye som ikkje er så godt kjent i kyrkja vår frå før, medan andre frivillige er med på å hjelpa ungane med lageaktiviteten slik at foreldra får høve til å drikka kaffi og drøsa med andre vaksne.

For 2025 drøymer me om å få fortsetja å invitera både dei som allereie kjem, men også endå fleire. Så drøymer me om at me kan bli fleire frivillige medarbeidarar som kan vera med å arrangera desse 4 samlingane i året.

## ÅRSMELDING 2024 – UNG FOKUS

Ungdomsarbeidet i Brynekyrkja blir kalla UngFokus, eller «UF». Dette er eit lågterskeltilbod til alle ungdommar frå 8. klasse og oppover annankvar laurdag. På UF samlast ein plass mellom 15 og 35 ungdommar til lovsong og andakt, quiz, pizza, konkurransar, kiosk og spel. I 2024 har me hovudsakeleg brukt kyrkjesalen til samlingane våre, men nokre gonger har det passa greit å vera i ungdomsrommet, spesielt om det er arrangement parallelt i kyrkja.

Lovsangsbandet har hatt varierende aktivitet, men i løpet av hausten kom ein i gang igjen med speling. Lovsangsbandet prøver då å øva ein time i forkant av møtet. Her er målet å inkludera ungdom som vil og liker å synga eller spela. Målet er at dette skal fortsetta å ha låg terskel, samtidig som ein prøver å utvikla eit meir fast band.

Dette året har me sett fleire jenter koma på samlingane. Det er ei meir balansert fordeling blant ungdommane som deltek enn tidlegare år.

Kveldane blir planlagde og gjennomførte av eit eige styre. Ved utgangen av 2024 tel styret 10 medlemmer mellom 14 og 22 år. Styret vart leidd av ungdomsleiar Oda Vik Straume fram til ho gjekk ut i fødselspermisjon i oktober. Jon Torger Salte tok over som vikar for ungdomsarbeidet og oppfølging av styret.



Foto: Jon Torger H. Salte

UF har brukt interne og eksterne andaktshaldarar. Dette har fungert godt.  
16 ordinære samlingar i kyrkja (i 2023: 19).

Samlingar/arrangement utanom dette:

- Laurdag 24. august reiste ein gjeng på Jærgårds i Kleppeloen. Dette erstatta ein vanleg UF-kveld.
- Me var med og arrangerte felles ungdomsmøte i samband med Velkommen hjem den 13. september saman med dei andre ungdomsarbeida på Bryne. Her var det godt med folk og god stemning i møteteltet med mange aktivitetar. Slike felles arrangement er viktige og styrkar fellesskapet mellom ungdommane på tvers av kyrkjene.
- I romjula inviterte familien Tjemsland til ein spontan heimekveld for UF den 28. desember. Dette var veldig kjekt, og det kom ca 14 stk. Slike heimekveldar, til dømes i feriar som her, er kjekke og visar at ungdommane sjølv tek initiativ utanom dei oppsette kveldane.

2024 har vore eit innhaldsrikt og engasjerande år for UF, og me gler oss til alt det spanande som ligg framfor oss i 2025.

## ÅRSMELDING 2024 – BIBELKVELDANE

Bibelkveldane er eit trus-opplæringstiltak for vaksne.

Vi gjennomførte 3 bibelkveldar hausten 2024. Dette var 14. året på rad det var bibelkveldar.

Komiteen bestod av: Arne Berge, Kirsten Jæger Fjetland, Ivar Johannessen, Jan Helge Stensland og Kjell Ragnar Thu.

Komiteen hadde 5 planleggingsmøte og 1 erfaringsmøte i etterkant av bibelkveldane.

Temaet var «Det nye testamentets samtid» med overskrifta «**Det skjedde i dei dagar**».

Kjennskap til Det nye testamentet si samtid gir oss ein viktig bakgrunn for å forstå dei bibelske tekstane.

Foredraga fokuserte på geografisk og historisk kunnskap som bakgrunn for bibellesinga.

Undervisinga var prega av ulike innfallsvinklar, til kunnskap, innsikt, ettertanke og engasjement.

Program:

| TID      | Tema                                           | Foredragshaldar        | Frammøtte |
|----------|------------------------------------------------|------------------------|-----------|
| 15. okt. | «Det heilage landet» som ein del av Romarriket | Jarle Stormark         | 65        |
|          | Geografisk oversikt over Jesu verksemd         | Jarle Stormark         |           |
| 29. okt. | Galilea på Jesu tid                            | Fartein Valen-Sendstad | 60        |
|          | Jerusalem på Jesu tid                          | Fartein Valen-Sendstad |           |
| 12. nov. | Ulike retningar i jødedommen på Jesu tid       | Arne Berge             | 49        |
|          | Paulus si verksemd                             | Arne Berge             |           |

Det var to undervisingstimar kvar kveld med ein kort pause mellom. I pausen vart det servert kaffi og twist.

Det var kollekt kvar kveld for å dekke utgifter. Det vart eit overskot på 5.107,49. Sidan vi over fleire år har hatt gode undervisingskrefter frå VID, vart overskotet gitt til VID-prosjektet - Global Scholarship Programme.

Lydfiler av undervisinga er publiserte på brynekyrkja.no og på podkasten Brynekyrkja.

Arne Berge, Kirsten Jæger Fjetland, Ivar Johannessen, Jan Helge Stensland og Kjell Ragnar Thu.

## ÅRSMELDING 2024 - BRYNE DIAKONIUTVAL

### BRYNE DIAKONIUTVAL

Denne årsmeldinga omfattar oppgåver der diakoniutvalet saman med diakon og andre frivillige medarbeidarar er involverte. Diakoniutvalet i Bryne hadde 4 møter i 2024, og har bestått av Anna Maria Monstad Stensland, Elisabeth Vold, Guri Bergsaker Stokkeland, Heidi Strand Harboe, Ruth Stabel Berg og Arne Espevik. Marit Høie Hetland er som diakon i Bryne kyrkjelyd også fast med på møtene.

#### **Ny diakoniplan for år 2024-2028**

Diakoniutvalet har denne hausten jobba med revidering av den lokale diakoniplanen til Brynekyrkja. Planen har blitt fornya både grafisk og innhaldsmessig, og hovudpunkta i diakoniplanen blir nå delt inn i dei fem punkta: Nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket, kampen for rettferd og stillheit og bøn. Diakoniplanen ligg tilgjengeleg på Bryne kyrkje si nettside.

### DIAKONALE ARRANGEMENT FOR VAKSNE OG ELDRE;

#### HAUSTFEST, VI SYNG TIL JUL, BESØKSTENESTE OG INSTITUSJONSANDAKTAR

Me synest det er viktig med heimebesøk. Medlemmane i diakoniutvalet tilbyr jubilantbesøk med ei helsing til medlemmar i soknet som fyller 80, 90, 95 og 100 år. Fleire andre besøk blei også utført av både frivillige og tilsette. Prest eller diakon held jamleg andaktar og gudstenester på institusjonane der fleire frivillige også deltek med song og pianospel.

Diakoniutvalet arrangerer haustfest i kyrkja på Bots- og bønedaag kvart år. Me fekk også i år ha ein vellukka fest med flott program. Mange stillar opp, og det er stor dugnadsaktivitet for å få dette til.

Andre tysdag i desember arrangerte me «Vi syng til jul». Det blei ei gild songstund der me kunne samlast til allsong rundt dei gode julesongtradisjonane me har.

Tredje torsdag i månaden er det Torsdagstreff i Bryne kyrkje. Eit godt treffpunkt for alle +/- 60 år. Det er eit variert program med «kultur/kåseri»-innslag, songstund, mat, drøs og andakt. Dette er svært vellykka og fyller kyrkja med ca. 50-70 glade seniorar kvar gong. Torsdagstreffet har ein eigen komité, og også her er det mange frivillige som er med og drar lasset.

### INTEGRERINGSARBEID;

#### INNVANDRARARBEID OG SUNDAGSTREFF

På tysdagar samlast innvandrartreffet i kyrkjestova i Bryne kyrkje. Det sosiale fellesskapet står i fokus, samstundes som ein får praktisera det norske språket. Kvar gong er det gruppesamtalar, kaffi og kaffimat. Ca 20-25 personar ifrå fleire ulike nasjonar kjem kvar gong, og det er kjekt at mange finn sin plass her. Fleire frivillige stiller opp og gjer dette til ein god stad å koma til.

Sundagstreff er samlingar som er spesielt tilrettelagte for menneske med ulike funksjonsvariasjonar. Då er det først ei samling med song, mat og drøs i kyrkjestova, og etterpå går alle opp i kyrkjesalen for å feira gudsteneste. I mars hadde me Bankersgudsteneste, der bandet Bankers ifrå Time kulturskule kom på besøk og deltok i føremiddagsgudstenesta saman med gjengen ifrå Sundagstreff. Dette til stor glede for kyrkjelyden.

## BØNEARBEID OG SORGARBEID

Eit bønnebrev for Brynekyrkja blir laga av frivillige medhjelparar kvart halvår til utdeling og bruk for Bryne kyrkjelyd. Kvar onsdag kl. 11:00 er det bønemøte i dåpssakristiet i Bryne kyrkje. Her samlast ei gruppe personar og ber for kyrkja vår og for andre bønnebehov.

Bønemøtet er ope for alle som vil koma.

Gjennom året tek diakonen kontakt med etterlatne i Bryne. Sorgstøttegrupper for vaksne og born blir arrangert i samarbeid med Jæren- og Sandnes prosti. Desse gruppene startar opp fortløpande etter behov.

Sørgjande blir inviterte til minnegudsteneste og open kyrkje arrangement. Begge desse arrangementa er lokalisert i Time kyrkje, sidan det er der gravplassen er. Time sokn har ansvar for desse arrangementa. Open kyrkje arrangementet er knytt til Allehelgensdag, medan minnegudstenesta er andre sundag i januar.

## GRØN KYRKJELYD OG FASTEAKSJONEN

Brynekyrkja har eit eige utval som jobbar for at klima og miljø skal vera på dagsorden.

Utvalet jobbar godt, og fokuserer på haldningsskapande arbeid, og for at arbeidet med grøn kyrkje skal vera naturleg forankra i heile kyrkjelyden. Utvalet har dette året m.a. jobba med søppelsorteringa i kyrkja, vedlikehald av blomsterenga og samarbeid med jorddøgnfestivalen. På denne festivalen blei det arrangert jordmesse, paneldebatt og lammemiddag.

Tysdag 19. mars blei årets fasteaksjon gjennomført. Konfirmantar og konfirmantforeldre gjekk på dør-til-dør aksjon med innsamlingsbøsser og vippsnummer. I Bryne sokn blei det samla inn kr. 102 471,- Eit fantastisk resultat, der mange bidreg.

## OPEN-KYRKJE-KAFE OG OPENKYRKJE

Våren 2024 blei det starta opp to nye faste tiltak, Open-kyrkje-kafé og Open kyrkje.

På Open-kyrkje-kafé er kyrkjestova open. Her kan folk koma og få ein kopp kaffi, noko enkelt å eta, og for å treffa andre menneske til drøs og fellesskap. Dette tiltaket blir gjennomført av ei arbeidsgruppe ifrå diakoniutvalet.

På Open kyrkje er kyrkjesalen open. Brynekyrkja ønskjer med dette å gje rom for bøn, ro og ettertanke. Det vert gjennomført ein enkel liturgi kvar gong. Dette tiltaket blir gjennomført av ei arbeidsgruppe ifrå soknerådet.

Dette er to ulike arrangement, men dei blir sett i samanheng, slik at dei kan supplera kvarandre. Begge deler skjer samtidig, første måndag i kvar månad kl. 18:00-20:00. Det eine oppe, og det andre nede i kyrkja. På denne måten kan dei som ønskjer det, få med seg begge delar på ein gong.

## TANKAR FRAMOVER

Me er svært glade for alle treffpunkta me får lov til å ha saman i tilknytning til kyrkjelyden vår. Det finns òg fleire gode diakonale treffpunkt, der medmenneske treff kvarandre i regi av Brynekyrkja. Me håpar og trur at me også i 2025 kan få lov til å vere Guds utstrekke hand til nokon som treng eit medmenneske. Det er mange som bidreg frivillig i ulike oppgåver i det diakonale arbeidet i regi av Bryne kyrkjelyd. Det er ikkje mogleg å nemna kvar einskild med namn, men diakoniutvalet ønskjer å takka kvar og ein for den viktige oppgåva dei står i. Mange som gjer ein stor innsats i det diakonale arbeidet er ofte dei som jobbar i det skjulte, tusen takk for stor innsats i 2024.

## ÅRSMELDING 2024 - MISJONSUTVALET

Den opne famns kyrkje ønskjer å vera «ei kyrkje for gode relasjonar, raus i sitt mangfald, tydeleg i si retning».

Ei av desse retningane er «utover» - til den verdsvide kyrkja

Misjonsutvalet (MU) skal vera pådrivar for at Bryne kyrkjelyd har eit levande engasjement for misjon lokalt og globalt.

Utvalet har bestått av Hans Austnaberg (leiar), Helga Johannessen (sekretær), Oddmund Gravdal og Arne Berge. MU har hatt 3 utvalsmøte og elles utveksla informasjon og delt oppgåver via mail.

Den nye avtalen med Den norske Israelsmisjon (DNI) og prosjekt «Immanuelkyrkja i Tel Aviv» blei vedtatt i soknerådet (SR) 25. januar og gjeld frå 1.1.2024 til 31.12.2026. Bryne kyrkje har òg misjonsavtale med Det norske misjonsselskap (NMS): prosjekt Madagaskar med særleg vekt på «Skoler for syns- og hørselshemmede».

Markering av oppstart av prosjektet med DNI blei gjort på gudstenesta 14. april; det har vore ein presentasjon av prosjektet i Helgedagen, og det er blitt gitt kortfatta og oppdatert informasjon om begge prosjekta på misjonsvindaug i gudstenester både vår og haust. MU arrangerte ei misjonssamling med vekt på Madagaskar-prosjektet i november.

På Bryne kyrkje si heimeside er det nå lagt inn meir informasjon om begge prosjekta.

Ung Fokus sette misjon på dagsorden gjennom satsinga «Saman som kyrkje i heile verda», med fokus på misjon gjennom ulike arrangement frå Kristi himmelfartsdag til Pinse 2024.

*Helga Johannessen, Oddmund Gravdal, Arne Berge, Hans Austnaberg*

## ÅRSMELDING 2024 – JULEMESSA

30. november var det igjen julemesse i Bryne kyrkje. På førehand hadde svært mange frivillige selt lodd og produsert varar til messa. Gåver blei gitt til hovudtrekning og åresal, både av enkeltpersonar og firma. Det er gledeleg å møta stor velvilje frå lokale firma og butikkar når me spør etter gåver. Me kunne og burde selt mykje meir lodd på førehand, ikkje minst i forhold til dei verdifulle gevinstane me hadde. Det er ei utfordring me tar med oss vidare.

På opningsmøtet kl 11 var det heilt fullt hus! Folk blei ønskt velkomen og fekk med seg andakt og song. Tove Hersdal hadde andakt og Barnekoret song. Flott, begge delar!

Denne festdagen i kyrkja fortsette på tradisjonelt vis med kafé, varesal, åresal og sal av lodd til hovudtrekninga. Nytt av året var ein vellukka auksjon av ved og lammekjøtt som me hadde fått i gåve. Jon Torger Hetland Salte gjorde ein bra innsats her!

Om kvelden var det fest med tale av prost Lars Sigurd Tjelle. Jærklang og elevar frå Time kulturskule sette og sitt festpreg på kvelden. Leif Harboe tok oss med på pilegrimsturar i inn- og utland. Matpause med åresal. Kvelden slutta med hovudtrekning. Det var gildt å dela ut hovudgevinsten, Karendrakta, til ei som var i salen!

Stor TAKK til alle dei frivillige som er med på å gjera julemessa mogleg! Det er ikkje få! Det er fantastisk å få vera med på ein slik stor dugnad og samarbeida med så mange velvillige folk!

Resultatet frå julemessa var enda ein ny rekord: Kr 268.299,-

Dette blir delt mellom barne- og ungdomsarbeidet i kyrkja (75%) og kyrkja sine misjonsprosjekt på Madagaskar (NMS) og i Immanuelkyrkja i Tel Aviv (DNI) (25%).



*Foto: Jans Jakob Heimvoll*

Julemessekomiteen består av

Synnøve Hatle, Hanne Blessum Støle, Helga Johannessen, Torunn Undheim og Inger Bakke Berge (leiar).

Takk og til Elisabeth Skartveit Obrestad på kontoret for god hjelp for komitéen.



### Bøn om vekst

Heilage, allmechtige Gud og gode himmelske Far,  
gjer oss ivrige etter å bli betre kjende med deg  
og la deg vera Herre i liva våre!

Hjelp oss å møta medmenneska våre med ein open  
famn,  
slik at Bryne kyrkje kan vera den opne famns kyrkje!

Det bed vi deg om, du som verkar i oss med di kraft  
og kan gjera så uendeleg mykje meir  
enn alt det vi bed om og skjønar.  
I Jesu namn.

**Amen.**

*Foto: Bo Mathisen*



Time kyrkjekontor  
Erlandsbakken 6  
4340 BRYNE  
Tlf. 51770377

[brynekyrkja.no](http://brynekyrkja.no)